

Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Maria bodskapsdag – 26. mars 2017

Preiketekst: Luk 1, 26-38

Lesetekst I: Jes 7, 10-14

Lesetekst II: Gal 4, 4-7

Då tida var fullkomen

Timing er viktig. Det gjeld både når ein skal takla på fotballbanen og når ein skal koma med ei viktig kunngjering. Er det noko som kjem klårt fram denne sundagen, er det kor perfekt tima det heile er. Då tida var fullkomen, sende Gud engelen Gabriel til ein by i Galilea som heiter Nasaret, for å vitja ei bestemt jente der. Det skjedde då Elisabet var i sjette månad med sonen sin, Johannes. Alt er tima og tilrettelagt, som Egon Olsen plar seia det.

Maria bodskapsdag

Tradisjonelt er Maria bodskapsdag blitt feira 25. mars, nøyaktig 274 dagar før jul, det vil seia 39 veker og ein dag før jul. Frå 525, då ein introduserte kalendersystemet med Anno Domini, blei 25. mars feira som nyttårsdag, fordi nåden sin tidsalder byrja med inkarnasjonen.

I Noreg blir dagen markert den søndagen som ligg nærast 25. mars.

I følgje Lukas reiser Maria til Elisabet berre nokre dagar etter møtet med engelen. Og då sparkar Johannes av fryd i magen til Elisabet. Så Jesus må ha byrja å veksa i magen til Maria i løpet av tida etter at engelen har forlate henne og fram til møtet med Elisabet.

Ave Maria gratia plena

Engelen byrjar med å helsa henne. På gresk står det *chaire*, som den dag i dag er det vanlege ordet ein brukar når ein helsar på nokon. Dette ordet er avleidd av det greske ordet «glede». Og nettopp glede er noko som kjem att, mellom anna i bodskapen frå englane til hyrdingane: «Eg forkynner dykk ei stor glede» (Luk 2, 10). Og då læresveinane møtte Herren etter oppstoda, les vi at dei «vart glade då dei såg Herren» (Joh 20, 20).

Deretter får ho høyra at ho har «fått nåde». Slik går ho inn i rekka av mange viktige personar i frelseshistoria. Vi les om både Noah, Abraham og Moses at dei finn nåde hos Gud.

For oss protestantar er dette ord vi gjerne brukar som argument for at Maria ikkje var noko anna enn eit vanleg menneske, med same menneskenatur og synd som alle andre og som difor treng nåde frå Gud.

Maria sin første reaksjon er forståeleg. Ho blir forskrekka.

Du skal bli med barn

Bodskapen til engelen er at Maria skal bli med barn. På gresk står det «du skal bli gravid i magen». Det er ikkje noko uvanleg uttrykk, men i ljøs av læra om Kristus er det viktig. Han vart verkeleg til i magen til eit menneske.

Engelen seier og ein del ord om kva slags barn dette skal vera. Guten skal heita Jesus, eit namn som tyder «Herrens frelse» (jf. Matt 1, 21). Han skal vera stor, son åt Den høgste, få trona til David og vera konge over Jakobs hus. Her er ekkoa frå GT mange og sterke. Guds løfte til Abraham og David må få lyda saman med dei mange profetiane om Messias.

I denne skildringa av Jesus har ein som forkynnar moglegheiter til å grava djupare i dei mange tilknytingspunktta til løfta i GT og utfalda dei for forsamlinga. Men ein må vera obs på kva slags forsamling ein snakkar til. Det kan bli for mange moment.

Når det gjeld uttrykket «det skal ikkje vera ende på kongedømet hans», er det verdt å nemna at dette blir sagt i ei tid då Israel var under romersk okkupasjon og mange gjekk og venta og håpte på at Gud snart skulle gripa inn og senda ein frelsar. Samstundes lærer Bibelen oss at Jesu kongedøme ikkje er som forventa. Likevel har løftet gått i oppfylling. For vi lever i ei verd der kongedømmet til Jesus strekker seg frå hav til hav, kontinent til kontinent og frå hundreår til hundreår.

Maria sin andre reaksjon er eit spørsmål. Men legg merke til skilnaden mellom Maria og Sakarja. Sakarja spør: «Korleis skal eg vita dette?». Dette er tydelegvis eit spørsmål prega av tvil om det i det heile tatt er mogleg. Maria sitt spørsmål er prega av undring. «Korleis skal dette gå til?». Samstundes er spørsmålet litt rart. For ho må ha kjent til at ho snart skulle gifta seg med Josef? Kanskje forstod ho allereie her at ho ikkje skulle bli gravid på vanleg måte?

Krafta frå Den høgste skal skyggja over deg

Engelen har ei forklaring til Maria. Det er ved Den heilage ande og krafta frå Den høgste at dette skal skje. Uttrykket «skyggja over» er verdt å stansa for. I GT blir det brukt i samband med at Gud flyttar inn i tabernakelet (2 Mos 40, 35) og denne parallellen er påpeikt av mange. Morslivet til Maria blir eit slags tempel der Gud sjølv tek bustad. Og akkurat dette er viktig for forståinga Kristi person. Denne sonen – dette menneskebarnet – i morslivet til Maria er verkeleg Gud. Det forstår Elisabet når Maria kjem på vitjing til henne: «Korleis kunne det henda meg at mor til Herren min kjem til meg?» (Luk 1, 43).

Deretter får Maria eit teikn og ei forsikring. Elisabet, ho som var barnlaus, er alt i sjetten månaden (1,36). Forsikringa er orda «For ingen ting er umogleg for Gud». Dette minner om den første forteljinga i Bibelen om ein son fødd på underfull vis, «Skulle noko vera mogleg for Herren?», spurte engelen Abraham i 1 Mos 18,14.

Maria sin tredje reaksjon gjer henne til eit førebilete i generasjon etter generasjon. «Sjå, eg er Herrens tenestekvinne. Lat det gå meg som du har sagt!» Gjennom å seia ja, blei Maria mor – eller «gudføderneske» (*theotokos*), som den gamle kyrkja har lært oss å seia. Kyrkjefedrane sa at Maria blei med barn gjennom øyret, ved å lytta. Gjennom å høyra tek ordet (logos) bustad i henne. Slik er det også med oss. Ved å høyra ordet tek Guds Ande bustad i oss (Gal 3, 2). Det blir som vi syng i julesongen: «at du er født her inne, i hjertets dype grunn».

Og engelen forlét henne

Teksten endar med desse korte orda. For eit vendepunkt det må ha vore i livet til Maria. No sit ho åleine. Frå no av tek livet ei ny vending og ha skal byrja å gå på ein ukjend veg. Det skal bli ein vond veg. For guten hennar skal bli «til eit teikn som blir motsagt, ja, òg gjennom si eiga sjel skal det gå eit sverd» (Luk 2, 34-35).

Knut Kåre Kirkholm

Høyskolelektor [Fjellhaug Internasjonale Høgskole - FiH](http://fjellhaug.internasjonale.hogskole-fiH)

KKirkholm@fjellhaug.no